

Vinje kommune
Åsne Skjøtskift Øygarden

Dykkar ref.
2025/8816-1

Vår ref.
14/414-100/KES

Dato
17.12.2025

Vinje kommune - namn på ein ny veg i Haukeli - tilråding

Me syner til eit brev som Åsne Skjøtskift Øygarden i Vinje kommune skreiv til stadnamntenesta i Språkrådet 8. desember i år.

Saka gjeld namnsetjing av ein veg på garden Midtveit (gnr. 91) i Vinje kommune. Det er føreslege å gje vegen namnet *Midtveitvegen*. Med utgangpunkt i den plasseringa namna *Midtveit* og *Øvre Midtveit* har på nettsida Norgeskart, verkar det rimeleg å tenkje at den aktuelle vegparsellen ligg rimeleg sentralt på garden. Vegen som fører til gardstuna på Midtveit, er ein gjennomgangsveg som går vidare til garden med namnet Utgarden, og denne vegen er tidlegare gjeven namnet *Utgardsvegen*. Det tykkjest å vere grunnlag for å late nyevegen på Midtveit få namn etter gardsnamnet. Me har ingen merknader til skrivemåten ***Midtveitvegen***. I SSR er primærnamnforma *Midtveit* registrert som ei eineform.

Når det gjeld bruk av *Midtveit*- som utmerkingsform i det avleidde vegnamnet, kan ein jamføre med den parallelle SSR-registrerte namneforma *Midtveittjønni*, som då er knytt til eit lite vatn som ligg like utom gardsvaldet åt garden Midtveit. (Me syner her til punkt 6 i *Utfyllande reglar om skrivemåten av norske stadnamn*. Der står det blant anna: «Ein skal som hovudregel nytte den samansetjingsmåten som samsvarar med den nedervde lokale uttalen. [...] Når det er tale om nylaga stadnamn (til dømes brunamn, tunellnamn og adressenamn), bør ein ta omsyn til

det samansetjingsmønsteret som er nytta i den lokale munnlege stadnamntradisjonen.»)

Så langt me kan sjå, er forma *Mid(t)tveitvegen* (/ - *veien*) ikkje teken i bruk som vegnamnform tidlegare nokon stad i landet.

Med helsing frå

Rune Røstad
stadnamnkonsulent

Daniel Gusfre Ims
avdelingsdirektør

Kjell Erik Steinbru
seniorrådgjevar

Brevet er elektronisk godkjent og blir sendt utan underskrifter.

Mottakar:

Vinje kommune

Kopi til:

Kartverket

Postboks 600
Sentrum

3507

HØNEFOSS